



Bjarne Hauge frå Hatlestrand, busett i Samnanger, er godt i gong med band 2 av Slektbok for Kvinnherad. Dette bandet omhandlar strekningen frå Svoldal til Steinsletto, og dermed er heile Uskedalen med. Hauge har fått inn ein god del opplysningar, men manglar framleis mykje, og det vil letta arbeidet mykje om vi er flinke å senda inn opplysningar om slekta.

Det er i hovudsak det som har skjedd på slektsfronten etter 1965 Hauge ønskjer opplysningar om. Det som var før 1965 er godt dekkja i Gards- og ættesoga som vart avslutta det året.

Kva er det så Hauge må vita?

Han må vita bustad, helst gard og bruksnummer, eller adresse, om ein er eigar/leigebuar. Det må oppgjevast fullt namn og alle årstal for fødd, gift og død.

Vidare må det oppgjevast kvar dei er frå og, kven foreldra er slik at han får knytt dei til rett slekt.

Han må vidare ha ektefelle/sambuar og born med dei same opplysningane. Yrke og arbeidsstad er også viktig.

Har ein rettingar til gamleboka vil han gjerne ha dei og.

Opplysningar og evt. spørsmål kan sendast til Bjarne Hauge, Vågabygda 7, 5652 Årland, Han kan også kontaktast på telefonane 56 58 66 35 og 959 91 463, og epost bjarne.hauge@gmail.com

Hauge fortel at arbeidet med 2. bandet er godt i gong. Når det er ferdig er enno usikkert, men stofftilfanget er så stort at det er mogeleg at det må delast på 2 bøker. Så får vi håpa at mange hjelper til i arbeidet ved å senda inn opplysningar om si slekt.

Band 1 av slektsboka, som kom ut i 2010, omhandla Ølve, Hatlestrand og Mauranger.

Tekst og nett: Thor Inge Døssland